










Vekeplan for 7.steg, veke 46

	MÅNDAG 13/11	TYSDAG 14/11	ONSDAG 15/11	TORSDAG 16/11	FREDAG 17/11	
1	08.50 09.35	7A: Engelsk 7B: Matte	7A: Norsk 7B: Engelsk	7A: Norsk 7B: Norsk	7A: Norsk 7B: Engelsk	
2	09.35 10.20	Bading i Sogndal Bussen går 09.40 	Norsk	7A: Engelsk 7B: Norsk	7A: Matte	
3	10.35 11.30		Kafé	Matte	Tema: reise 	Øving julekonsert
4	12.00 12.45		Matte	Matte	K&H 	K&H Aksjon gjenvinning
5	12.45 13.30		Ferdigstilling kreativt design, aksjon gjenvinning		KRØ	KRØ
6	13.45 14.30		Norsk	Musikk		
			LEKSEHJELP 14.30-15.30	LEKSEHJELP 12.45-13.45	Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.	Gunnvor studiedag. Send gruppemelding til Gunnvor og ein faglærer på trinnet.
MATTE		Vekelekse: Gjer matteinnføring for veke 46. Bruk linjal, og pass på rett føring. Lever inn lekseboka seinast torsdag. Legg boka i leksebokkassen i klasserommet.				
ENGELSK		Inga lekse denne veka				
Til torsdag:						
NORSK		Les tredje utdrag av «fisken». Finn tydinga på desse orda: Saltvatn, temmeleg, trøyttheit, rastlaus, engsteleg Kan: Denne oppgåva er valfri! Øv på rettskriving på Salaby: Avslutt setningane / Rettskriving / Norsk / Kanal S 5–7 / Salaby Skole Rett eller gale? / Rettskriving / Norsk / Kanal S 5–7 / Salaby Skole Og eller å? / Rettskriving / Norsk / Kanal S 5–7 / Salaby Skole				
Kunst og handverk	AKSJON GJENVINNING	7A: Ta med det du treng til «Kreativ design» oppgåva vi held på med på skulen 😊 Ferdigstilling denne veka.				



Fag:	Tema og mål:
Norsk:	Vurdere ulike kjelder kritisk. Forklare kva åndsverk, opphavsrett og plagiering er. Oppgi kjelder i ei kjeldeliste.
Matematikk:	Multiplikasjon og divisjon med fleirsifra tal, doble og halvere med desimaltal, multiplikasjon og divisjon med desimaltal. Vite om og kunne bruke sentralmåla; typetal, median og gjennomsnitt.
Engelsk:	Life Down Under: Lese, lytte til og samtale om Australia; kjende attraksjonar, historie, urfolk, dyreliv osv...Vi førebur munnleg-digital PP-presentasjon om sjølvvald undertema.
KRLE:	Tema: Reise. Tverrfagleg temaarbeid i samfunnsfag, KRLE og norsk knytt til leirskuleopplegget i veke 35.
Samfunnsfag:	Tema: fakta om Australia; geografi, kjende attraksjonar, historie, urfolk, dyreliv osv. Bruk av kjelder.
Musikk:	Mellomtrinnet musiserer: Læra eit repertoar av songar, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia
Naturfag:	Tema: Lære om, bruke og finne informasjon om Tungestølen, Veitastrand og Austerdalsbreen som skal brukast i presentasjonen de lagar.
Kunst og handverk:	Læra verdien av design og redesign i eit miljø- og samfunnsperspektiv (bruk og kast-samfunn). Bruke ulike tekstilar og material og setja desse saman med fine samanføringar. Designe egne klesplagg som uttrykkjer steriotypar og kulturarv.
Kroppsøving:	Bading: Utføre grunnleggjande teknikkar i symjing på magen, på ryggen og under vatn

Meldingar til heimen

Måndag er det bading i Sogndal. Ta med mat og badeklede + datamaskin.

Tysdag er det kafe. Ta med pengar om du vil handle. Prisar på kafeen: Ostesmørbrød kr.10, kakestykke kr.10, saft kr.5. Det vert vanlege og glutenfrie ostesmørbrød, kaker utan gluten og mjølk, og kaker utan egg.

Minner om «aksjon gjenvinning». Dei som ikkje leverte rapporteringskortet for veke 2 må hugse å levere det seinast måndag!! Lever rapporteringskort for veke 3 i slutten av veka.

Denne veka er det utviklingsamtalar for 7A 😊

Minner om temakveld tysdag 21.11 kl 18 (17.30 for elevane). Elevane har sjølve bestemt at dei vil lage pizza, brownies og cookies heime og ta med til kvelden (elevmedverknad). Dette vert då leksa den veka, i tillegg til å bu seg til framføringa på temakvelden.

Mvh Odd Ivar og Gunnvor

